

STATSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN UTGITT AV SPRÅKRÅDET NR. 2 – 2016



Foto: Tore Meek / NTB scanpix

Godt språk i journalen kan styrke pasientsikkerheten

En fersk undersøkelse av vaktskifterapportene ved et universitetssykehus viser store variasjoner i kvaliteten. Alt i alt er det mer underrapportering i rapportene skrevet av sykepleiere som ikke har norsk som morsmål, og pasientene kommer mindre til orde.

Lasse Morten Johannesen hadde tjue års erfaring med å undervise i norsk språk og kommunikasjon for utenlandsk helsepersonell da han selv ble alvorlig syk. En gang han lå på isolat etter en kraftig cellegiftkur, ville han rådspørre en sykepleier om noe viktig og litt sårt som han hadde fortalt til sykepleieren på det forrige skiftet. Han håpet at dette var notert skikkelig, for han kjente seg elendig og var ikke i stand til å forklare på nytt.

Sykepleieren ristet bare lett på hodet til svar. Grunnen har Johannesen aldri fått greie på. Var ikke informasjonen ført inn i rapporten?

– Det letteste var å fortelle sykepleierne hvordan jeg hadde det. Disse samtalen var ofte god medisin mot usikkerheten rundt sykdommen. Men denne ene vonde opplevelsen forsterket frykten min og gjorde meg nysgjerrig på sykepleiernes journalføring og språk. Det var tydelig at rapportering ikke var så viktig for denne

sykepleieren, sier Johannesen.

Han har siden undersøkt et utvalg vaktskifterapporter fra fire avdelinger ved et universitetssykehus. Målet har vært å kartlegge den språklige og sykepleiefaglige kvaliteten i rapportene samt å undersøke om det var forskjeller mellom rapportene skrevet av sykepleiere med norsk som morsmål og sykepleiere med ikke-skandinaviske morsmål. Det skal være første gang det er gjort en slik undersøkelse. ►

Nye språkkonsulentar på marknaden

Fem personar har i år greidd kompetanseprøva i bokmål, og tre har greidd nynorskprøva. Dei som greier prøva, er svært gode korrekturlesarar og språkvaskarar. Til saman har Språkrådet utferda 74 kompetansebevis.

– Eg vil oppmode statsorgana til å nytte desse språkkonsu-

lentane til oppdrag, seier direktør Åse Wetås i Språkrådet.

– Kompetanseprøva er krevjande, og vi kan verkeleg gå god for språkkunnskapen til dei som klarer ho.

Statsorgan som treng språkkonsulenttenester, kan skrive til Språkrådet på stat@sprakradet.no for å få kontaktinformasjon.

– God kommunikasjon mellom helsepersonell er viktig for å kunne gi god og riktig behandling. Vi må også sikre at pasienter både i og utenfor sykehus får like god behandling, også språklig. Dersom viktige pasientopplysninger ikke blir gitt videre, kan det i verste fall gå ut over liv og helse, sier direktør Åse Wetås i Språkrådet.

► Hovedfunnene

Undersøkelsen viser at de to gruppene rapporterte like flittig ved hjelp av tall om vitale målinger som blodtrykk, temperatur, medisineringsstidspunkt og oksygenmetning, men at det var tydelige forskjeller der informasjonen ble uttrykt med ord og setninger.

– Journalene er et av flere steder sykepleierne har mulighet til å overlevere informasjon om pasienten. Journalen med all dokumentasjon er et juridisk dokument. Det som ikke står der, er per definisjon heller ikke utført. Svikt i norsksferdigheter hos helsepersonell utgjør derfor en klar risiko for underrapportering av opplysninger som er viktige for behandling og pleie. Man risikerer at relevant informasjon ikke kommer fram dit den skal, og det kan gå ut over samhandlingen med annet helsepersonell. I verste fall kan livsviktig informasjon gå tapt, sier Johannesen.

Undersøkelsen tyder også på at pasientene langt oftere kom til orde med sine erfaringer, ønsker og vurderinger i rapportene til sykepleierne som har norsk som morsmål. Noen av de andrespråklige var imidlertid også meget dyktige her.

– Når det i rapporten skrives for lite, vagt eller ingenting om for eksempel status på et sår, og såret ikke blir tilstrekkelig fulgt opp, kan det føre til unødige smerter og komplikasjoner, i verste fall med døden til følge, sier Johannesen.

Mange skrivefeil

Språkanalysen avdekker også rettskrivnings-, tegnsetnings- og særskrivningsfeil, trolig på grunn av hastverk. Slike feil kan sette ned lesetempoet og føre til misforståelser, for eksempel når «underarm» er skre-

vet «under arm». Både sykepleiere med og uten norsk som morsmål gjør slike skrivefeil.

– At termer og forkortelser brukes ulikt, kan få konsekvenser. Ved vitale målinger er det forvirrende når oksygenmetning refereres til med både SPO₂, SAT, metning og O₂-metning. Til og med muntlige varianter som «pasienten metter» finnes i rapportene. Det trengs altså fast terminologi, og her er det et standardiseringsarbeid på gang, først og fremst på feltet sykepleiediagnoser. Det må likevel ikke gå så langt at det brukes koder for alt, slik at man ekskluderer pasienten, mener Johannesen.

Trenger språkopplæring

Lasse Morten Johannesen mener undersøkelsen viser at helsesektoren må sikre at sykepleiere som ikke har norsk som morsmål, og som har sykepleierutdanning fra utlandet, får tilstrekkelig språklig opplæring.

– Jeg synes dette er ganske alvorlig for pasientene, men også for sykepleiere som ikke får det språkfaglige tilbudet de trenger. Det må være litt fortvilende å kjenne på at man ikke behersker norsk godt nok til å gjøre en god jobb. Det viktigste tiltaket er å lage gode undervisningsopplegg, og da trengs det tett samarbeid med og faglig støtte fra sykehuset. Det vil gi bedre helsetjenester og tryggere og mer tilfredse pasienter, sier han.

SPRÅK I HELSESEKTOREN

Høsten 2016 skal Språkrådet se nærmere på språket i helsesektoren. Har du forslag til hvordan vi kan jobbe med helsespråket, vil vi gjerne høre fra deg. [Skriv til stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no).

Norsk i skya

Meir og meir av arbeidet vårt skjer ute på det store nettet. *Cloud computing* vert slike tenester kalla på engelsk. Skymetaforen er velkjend i IT-språket, og vi kan like gjerne halde på han her til lands. For den late er det kanskje freistande å kalle det *arbeidssky*, men det bør nok vere meir råkande. Vi tilrår beint fram *nettsky* på norsk. Det er eit kort og biletleig ord, og det er allereie i bruk i bransjen.

Medan ulike data svirrar ute på nettet, må vi menneske oftast halde oss på jorda. Kva skal vi då kalle arbeidet i nettsky? På engelsk kallast det ofte *cloud working*. *Skyarbeid* (ev. *skybasert arbeid*) er nærliggjande, eller rett og slett å *arbeide i skya*.

Vi legg etter oss enorme data-mengder på internett. Fleire selskap spesialiserer seg i å samle og analysere alt dette, som ofte vert kalla *big data*. Både *massedata* og *stordata* er gode norske avløyssarar. Av desse to er det *stordata* som ser ut til å slå igjenom i bransjetekstar. Med ein norsk avløyssar unngår vi dessutan forvirring om skrivemåten (store eller små forbokstavar?) og bøyingsendingar. Tenk stort, skriv norsk!

Kurs for tolkebrukarar

Stadig fleire pasientar har eit anna morsmål enn norsk. Dei har krav på tilrettelagd informasjon, og det er derfor viktig å bruke tolk når det trengst.

På oppdrag for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har tolkefagmiljøet ved Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) utvikla eit dagskurs i kommunikasjon via tolk for tilsette i offentleg sektor. På kurset får deltakarane kunnskap om korleis språkbarrieren påverkar profesjonaliteten deira, korleis ein tolk arbeider, kva ansvar han eller ho har, og korleis ein brukar tolken rett.

Kurset blir sett opp på førespurnad, sjå www.hioa.no/kommunikasjonviatolk.



Med nettkurset «Den gylne pennen» får du ei innføring i dei viktigaste klarspråksteknikkane. Kurset finn du på www.klarsprak.no.



Språkleg førstehjelp

Skal det vere store eller små bokstavar? Enn bindestrek? Desse spørsmåla er blant dei statsskribentar oftast lurar på. Her er nokre generelle reglar illustrerte med døme frå helsesektoren.

Store eller små bokstavar?

Namn på sjukdommar og virus blir gjennomgåande behandla som samnamn og skal til vanleg skrivast med liten forbokstav: *kusma, influenza, ebolavirus, zikavirus*.

Vitskaplege slektsnamn på t.d. bakteriar og bakterieslekter er gjerne frå nylatin og blir i utgangspunktet skrivne med stor forbokstav: *Salmonella, Legionella* og *Listeria*. Men når slike namn er vanlege i norsk allmennspråk, skriv vi dei som andre norske ord, det vil seie med liten forbokstav, t.d. «bli smitta av salmonella».

Namn avleide av personnamn

Dei fleste namn med personnamn som forledd (såkalla eponym) kan skrivast på ein av desse tre måtane:

1 stor forbokstav og bindestrek

To døme er *Aschoff-knutar* og *Mantoux-prøve*. Legg merke til at ein oftast knyter saman to personnamn med bindestrek: *Epstein-Barr-virus*.

2 liten forbokstav i godt innarbeidde namn

Dette gjeld eponym som er blitt vanlege: *røntgenbilde, pirquetprøve, mantouxprøve*.

3 genitiv

Står første ordet i genitiv, skal det ha stor forbokstav: *Alzheimers sjukdom, Tourettes syndrom*.

Etter namn som sluttar på -s, -x, eller -z, markerer vi genitiven med apostrof, anten siste bokstaven føre apostrofen blir uttalt s eller ikkje: *Dubowitz'*

syndrom, Mantoux' prøve, Bence Jones' protein.

Kortformer som *alzheimer(s)* og *tourette(s)* er å rekne som vanlege ord, så vi skriv dei med liten forbokstav.

Initialord

Somme initialord (forbokstavord) blir skrivne med berre store bokstavar. Dette er ord der ein uttaler kvar bokstav for seg, til dømes *CT, MR*.

Dersom initialordet blir uttalt som eit vanleg ord, kan det valfritt skrivast med berre stor forbokstav eller med berre store bokstavar: *Helfo/HELFO, Difi/DIFI*. Somme statsorgan har valt det eine eller det andre i interne språkprofilar. Helseøkonomiforvaltninga har valt *HELFO*, medan Direktoratet for forvaltning og IKT har valt *Difi*.

Forkortingar og initialord gir ofte namn til sjukdommar og virus. *HIV* for det menneskelege immunsviktviruset vart først skrive med store bokstavar i norsk. Då forkortinga var blitt vanleg, vart skrivemåten endra til *hiv* med små bokstavar. Denne overgangen markerer at forkortinga kan reknast som eit ordinært ord i norsk. Same tankegangen gjeld ei rekkje andre sjukdomsnemningar, både norske og fornorska. Språkrådet tilrår difor skrivemåten *mers, sars* og *kols*.

For feinschmeckerar
Stussa du på at Epstein-Barr-virus er med bindestrek, medan Bence Jones' protein er utan? Grunnen er at Epstein og Barr er to personar, medan Bence Jones er éin.

Bindestrek eller ikkje?

Initialord

Initialord får vanlegvis bindestrek etter seg i samansetningar og før bøyingsendingar: *MR-en, BCG-vaksine, HELFO-teneste, Difi-kurs*.



Initialord som er blitt vanlege ord i norsk, får ikkje bindestrek etter seg: *aidsen, kolssjuka*.

E-ord

Samansetningar med bokstaven e som forkorting for elektronisk (e-ord) skal ha bindestrek: *e-post, e-handel*. I tråd med dette må det sjølvsagt heite *e-helse* og *e-resept*.

Merk òg: *e-posthelsing*, men *oppfølgings-e-post*.

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



SPRÅKTIPS

FOR BOKFINKER



S-passiv som imperativ

I bokmål kan vi bruke s-passiv for å vise at noe skjer av seg selv: «Det våres». Når T-banen i Oslo er klar til avgang, får passasjerene varselet «Dørene lukkes» før dørene lukkes automatisk.

S-passiv blir også mye brukt i anvisninger, regler, instruksjoner o.l.:

Billetter kjøpes ved inngangen.

Deigen eltes og settes til heving.

Søknad merkes [...] og sendes departementet innen 4. august.

I slike tilfeller har uttrykksmåten et imperativisk, altså befalende, innhold.

Dersom meningen er å instruere noen, kan det være vel så effektivt å bruke ren imperativ:

Merk søknaden [...] og send den til departementet innen 4. august.

Denne formen er vennlig nok i staten.

FOR MÅLTROSTAR



Røysting og avstemming

Mange diskuterer kommunereforma for tida, og i ein del kommunar prøver politikarane å finne ut kva innbyggjarane meiner om å gå saman med ein eller fleire grannar. Somme kommunar nyttar spørjeundersøkingar, men mange held òg folkerøysting om spørsmålet.

På nynorsk har vi to ord for dette fenomenet, både *røysting* og *avstemming*. Det tradisjonelle er *røysting*, medan *avstemming* er lånt frå bokmål. Merk at skrivemåten likevel er ulik, for på bokmål heiter det *avstemning*, altså med *-mn-* i staden for *-mm-*.

Vi finn rett nok «avstemming» i bokmål òg, men då handlar det t.d. om avstemming av eigenkapital.

SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende folk i stat og presse.

Dette egget ble lagt av en studentavis: (...) *det vil skape stor entusiasme blant publikum, og det er nok mange par barneøyne som vil rase rundt i museet vårt.*

Hva skjer når de rasende øynene deres møtes, tro?

DIKTET

La de små ordene komme til meg

La de små ordene komme til meg

La ikke de kravstore hindre dem

Får jeg alt jeg har krav på, men ikke kjærlighet, får jeg for lite

Lovet være barna jeg aldri får nok av

Lovet være barna jeg aldri får

Lovet være liv jeg ikke kan dikte

Lovet være dikt jeg ikke kan skrive

La de små ordene komme til meg

Cathrine Grøndahl

Ein dose medisinsk etymologi

Det medisinske fagspråket er fullt av ord med gresk eller latinsk opphav, t.d. namn på lekamsdelar, fagområde og sjukdommar.

Etterleddet *-itt* kjem av latin og gresk *-itis* 'som gjeld det og det'. Sjukdom er i dag underforstått, og det handlar om betennelse. Døme: *artritt* (leddbetennelse), *cystitt* (blærekatarr), *hepatitt* (leverbetennelse), *kolitt* (betennelse i tjukktarmen).

Suffikset *-ose* kjem av latin og gresk *-osis* og tyder utvikling eller tilstand, særleg sjukeleg. Vi finn det i t.d. *artrose* (leddendringar, «slitasjegikt»), *sklerose* (fortetting i vev og organ), *fibrose* (sjukeleg auke av bindevevet).

ORDKLEKKING

Siden sist har vi fått vite at visse former for meningsløst arbeid kan kalles *drøvdont*, *sullesysse*, *jattejobb*, *pliktputt* eller *gnagsårarbeid*.

Ordklekkning gir oss ikke gnagsår, men Statsspråk tar en pause fra denne spalta inntil videre. Først trenger vi likevel ord for dette kjente problemet: Du blir spurt om å gjøre noe, og fristen er behagelig plassert bak alle blåner. Kalenderen er blikkblank, og raust sier du ja til oppdraget. Når tidspunktet omsider kommer, er du selvsagt i ferd med å drukne i arbeid. Lammet av stress og anger ser du brått klart – den forbløffende korte veien fra lett å be til tung til sinns.

Hva kan vi kalle følelsen når man har forlovet seg på denne måten og økt morgendagens byrde gjennom ubesindig beredvillighet? Vi vil gjerne ha noe mer kontorspesifikt enn standard anger, trege og ruelse!

Skriv til stat@sprakradet.no.

Språkrådet

www.sprakradet.no

Redaktør:

Torunn Reksten

stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:

bestilling@sprakradet.no

Utforming: Beate Syversen

Trykk: Zoom Grafisk Opplag: 15 000

Redaksjonen avslutta: 3.6.2016

SSN 0805-164X

Diktet er frå samlinga *Lovsang* og prenta med løyve frå Gyldendal Norsk Forlag AS.